

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/12718-4

Søknad frå Fjord2 om fleire avgangar Kaupanger - Gudvangen

Fylkesdirektøren rår hovudutval frå samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fjord2 AS får auke tal avgangar med to frå både Kaupanger og Gudvangen i perioden 1. juli til 20. august.
- 2 Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

Vedlegg: Rutetabell

Andre dokument som ikkje ligg ved: HS-sak 6/15

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fjord2 AS fekk i HS-sak 6/15 tildelt ruteløyve på strekninga Kaupanger – Gudvangen med avgangstid frå Kaupanger kl. 09.00 og 15.00, og frå Gudvangen kl. 12.00 og 18.00 i perioden 01.05 – 30.09.

Grunna auka etterspurnad søker Fjord2 AS om fleire avgangar på strekninga Kaupanger – Gudvangen i perioden 01.07 – 20.08.

2. Historikk tidlegare vedtak

Hovudutval for samferdsle gjorde slikt vedtak 25.03.15 i sak 6/15;
Ruteløyvet på strekninga Kaupanger – Gudvangen vart tildelt på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyve gjeld i 10 år frå 01.05.15 til 01.10.24.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 – 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomiske evne skal vere oppfylt i samsvar med ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fyllje gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.

- g) Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

3. Søknaden

Fjord2 ønskjer å utvide med to avgangar i kvar retning i perioden 01.07 - 20.08. Rutetidene vert då slik:

Frå Kaupanger kl. 09.00, 12.00, 15.00 og 18.00.

Frå Gudvangen kl. 09.00, 12.00, 15.00 og 18.00.

Fylkesdirektøren er kjend med at det er byrja å bli mange operatørar som skal nytte kaia i Gudvangen, og har difor innhenta uttale frå Aurland Hamnevesen KF. Dei skriv *at Fjord2 sine ekstra avgangar frå Gudvangen klokka 09.00 og kl. 15.00 i perioden 01.07.16 til 20.8.16 har Hamnevesenet ikkje noko å utsetta på. Dei vil då ha plass i ferjelem frå klokka 08.30 til 09.00 og 14.30 til 15.00. Når det gjeld kaiplass i tidsrommet som vedgår avgangen frå Kaupanger 18.00 byr dette på komplikasjonar då Seasight (The Fjords) ligg i ferjelem frå 19.30. Dette kan då eventuelt avtalast mellom The Fjords og Fjord2, slik at Fjord2 kan gå i ferjelem 20.30 for å sleppa av bilar og passasjerar. Når det gjeld nattlegg for Fjord2 i denne perioden, er det ikkje ledig kommunal kai i Gudvangen disponibel, men Bakka er lagt fram som eit alternativ til Fjord2.*

Den største utfordringa er då ilandsetjing av bilar og passasjerar 20.30.

Fylkesdirektøren legg til grunn at The Fjords og Fjord2 kjem til ei semje her. Eventuelt må Fjord2 justere avgangstida frå Kaupanger noko.

Andre opplysningar

I § 28 i yrkestransportforskrifta står det at ruteplanen må vere godkjent av løyvemyndigheita. Forslag om endring av ruteplanen skal sendast løyvemyndigheita seinast 4 månader før endringa skal tre i kraft.

Fjord2 overheld denne fristen.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren er positiv til at Fjord2 aukar tal avgangar i høgsesongen for å kome etterspurnaden i marknaden i møte, og har ingen merknader til at dei får auke tal avgangar i perioden 01.07 - 20.08.

Administrasjonen ber om å få tilsendt ny rutetabell dersom det vert endring i siste avgangstida frå Kaupanger i høve til det som ligg føre i vedlagt rutetabell.